



Foto: Odd Helge Brugrand



Årdal kommune

Initiativ, skaparLyst, Kreativitet!

Velkomen til
entreprenørskapsmesse
i Årdal 12. mai 2016

**UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP**



SOGN REGIONRÅD



Synne Hunshammer Haug
(16) og Silje Larsen (17)
er konfransierar.

Velkommen til entreprenørskapsmessa i Årdal

Endeleg er det vår tur! No er det Årdal kommune som kan invitere alle ungdomsskulane i Sogn til entreprenørskapsmesse den 12. mai 2016. Dette handlar om kreativitet, skaparglede, læring, og det å bli kjend med dei ulike lokalsamfunna i regionen vår.

På messa i Årdal kjem alle 8. klassingane i Sogn. I tillegg kjem elevbedriftene frå 9. klasse som har kvalifisert seg til denne regionale finalen. 8. klassingane skal både sjå, vurdere og lære av elevane i 9. klasse. Dei skal på besøk til ein av dei mange spennande bedriftene vi har i Årdal, og ikkje minst: De skal få høyre korleis elevar frå Årdal vidaregåande skule har utvikla ungdomsbedrifta Safesound til ein ekte bedrift!

Årdal er kraft. Årdal er natur. Årdal er mangfald. Årdal er kultur. Årdal er ein variert og spanande kommune. Vi har i tillegg eigen vidaregåande skule. Her finn du mange spanande liner å velje mellom. Kanskje du finn eit tilbod i Årdal som både gir deg utdanning og jobb i Sogn i framtida? Vi gler oss til at du og din skule kjem på besøk til Årdal!

Arild Ingar Læg Reid
Ordførar

Program

09.00 - 10.00
Rigging av elevbedriftene

10.00 - 10.30
Opningsarrangement

10.45 - 14.15
Besøk på stand, føredrag og
besøk til lokale bedrifter

14.20 - 14.50
Avslutningsarrangement



Ulike elevbedrifter frå Årdal.



Føredragshaldarar: Safe Sound med prototypen for ein alarm som kan setjast på armen til utrykningspersonell. F.v. Ole Gunnar Kjødnes, Edin Øy og Glenn Tony Lie.

Foto: Odd Helge Brugrand



SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan eigd av dei ni kommunane i Sogn: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi arbeider for å styrke grunnlaget for busetnad og næringsliv, mellom anna gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagar og skular i Sogn. Messa i Årdal er den åttande gongen regionrådet og stiftinga Ungt Entreprenørskap arrangerer entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i Sogn.



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank



HYDRO



Årdal Utvikling

facebook

Vi er på Facebook! Alle skulane i Sogn er velkomne til å legge inn arbeidet om entreprenørskap på sida vår.